STYRINGSDOKUMENT

BEREKRAFTIG OMSTILLING I BORTELID



Innhald

PROSJEKTOMTALE 2
BAKGRUNN 2
UTFORDRING 2
MÅL 3
MÅLGRUPPER 3
KVA SKAL PROSJEKTET LEVERE 3
MÅLBARE RESULTAT 3
DELLEVERANSER 4
RAMMER FOR PROSJEKTET 4
Kommuneplanens samfunnsdel 4
Kommunedelplan for Bortelid 5
SAMARBEIDSMODELLAR OG RESSURSAR 5
Ressursgrupper 5
BUDSJETT 6
KOMMUNIKASJONSSTRATEGI 6
ORGANISERING OG STYRING 7
Prosjekteigar: 7
Prosjektstyre: 7
Prosjektgruppa 7
ANSVAR 8
STYRING OG RAPPORTERING 8
PROSJEKTPLAN 9
FASER 9
MILEPÆLER 9
FRAMDRIFTSPLAN 10
SUKSESSFAKTORAR 10

PROSJEKTOMTALE

BAKGRUNN

Åseral kommune er ein typisk hyttekommune, med få fastbuande og mange deltidsinnbyggjarar. Kommunen har tre alpinanlegg fordelt på tre ulike områder, der Bortelid er det klart største.

Bortelid har i dag om lag 1500 fritidsbustader fordelt på hytter og leiligheiter, samt campingplass.

Midt i området ligg eit mindre, eldre skisenter med fem skitrekk. Det fins og butikk, ladestasjon/drivstoffstasjon og eit lite servicesenter i sentrumsområdet.

Bortelid har om lag 120 km skiløyper og turvegar, gapahukar, sykkelcross- og sykkelløyper, badestrand, sykkel- og kanoutleige, klatre/buldrevegg, minigolf, frisbeegolf, skiskytterarena, ljosløype og rulleskiløype. Langt inne i heia ligg Gluggen kafe som er open i helger, vinterferie og påske.

I kommunedelplan for Bortelid ligg det inne nye utbyggingsområde, samt mange område med potensiale for fortetting. Utviklinga har fram til nå vore tradisjonell, med lite fokus på berekraft.

Åseral kommune blei i 2022 i samarbeid med Bortelid utmarkslag vald ut i GNIST-programmet med utfordringa «Korleis skape ei hyttebygd med nye uttrykk og lave avtrykk?»

Programmet resulterte i ein visjon og fire utviklingsfaser. Visjonen peikar på ei omstilling av reiselivsdestinasjonen Bortelid som heilheit, ikkje bare nye måtar å bygge hytter på. Innovasjonsprosessen har vist oss at om vi skal greie å tenke heilt nytt rundt bruk av hyttene, er svaret kanskje å jobbe med noko heilt anna enn stadig å bygge nye hytter.

Dette prosjektet handlar om realisering av dei fire utviklingsfasane i GNIST:

- Sentrumsutvikling
- Støtte- og delefunksjonar
- Naturrestaurering
- Klimanøytrale hytter

Prosjektet er eit samarbeid mellom Åseral kommune og Bortelid utmarkslag.

UTFORDRING

Korleis skape ei hyttebygd med nye uttrykk og låge avtrykk?

Reiseliv er ei svært viktig næring i Åseral kommune. Både kommunen og utmarkslaget i Bortelid har eit ynskje om at framtidig utvikling skal bli meir klimavenleg og berekraftig. Er det mogleg å få til?
Korleis aukar vi den lokale verdiskapinga?
Korleis skaper vi nye arbeidsplassar?
Korleis kan utviklinga bidra til å skape møteplassar og fellesskap i lokalsamfunnet?
Kan ei berekraftig utvikling bidra til bulyst i kommunen?

MÅL

Målet er å utvikle destinasjonen til ein berekraftig reiselivsdestinasjon.

Prosjektet skal legge til rette for at fleire har tilgang til ei hytte (fleire brukarar) og at hyttene blir brukt meir i løpet av året (større dekningsgrad) samstundes som ein reduserer klimagassutslepp, reduserer energibruken i destinasjonen, og unngår nedbygging av myr og viktige naturområde. Vidare skal prosjektet fremme sosial berekraft, kultur- og naturopplevingar, samt naturrestaurering.

Fleire brukarar og meir bruk gir igjen grunnlag for utvikling av tenestetilbod som skaper nye arbeidsplassar og møteplassar.

MÅLGRUPPER

- Eksisterande hytteeigarar
- Framtidas hytteeigarar
- Lokalt næringsliv
- Tilreisande
- Kulturelle og sosiale aktørar

KVA SKAL PROSJEKTET LEVERE

Det skal utarbeidast prosjektrapport der resultata for dei ulike delprosjekta blir presentert. Rapporten skal i tillegg vise arealregnskap og klimagassregnskap for destinasjonen, samt gi ein oversikt over viktige prinsipp som skal leggast til grunn for revidering av kommunedelplanen.

Det vil bli utarbeida delrapport for kvart prosjektår.
Sentrumsutvikling og Infrastruktur:

MÅLBARE RESULTAT

- Etablering av reisemålsleiing og besøksforvaltning
- Klimagassreikneskap på utbygging og drift
- Auka bruk av eksisterande hytter i destinasjonen
- Auka bruk av servicetenester
- Auka antal deltakarar på aktivitetar og arrangement
- Utvikling i antal vitjande og følgarar på sosiale media

Delprosjekta (pilotar) vil og gje målbare resultat. Desse resultata vil bli synleggjort i eigne prosjektrapportar.

DELLEVERANSER

A
- KARTLEGGING: Kartlegging av naturverdiar, dagens klimagassutslepp, eksisterande støtte og delefunksjonar, behov for tenester, kompetansebehov, barriarer/hindringar m.m. hos målgruppa.

B
- ANALYSE: På bakgrunn av resultatet i kartlegginga skal vi utarbeide delprosjekt og strategiar.

C
- PILOTAR: Vi skal prøve ut nye metodar for drift og utvikling, teste ut aktivitetar og bygge marknad.

D
- MÅLE OG DELE resultat i prosjektet.

RAMMER FOR PROSJEKTET

Kommuneplanens samfunnsdel

Slik vil vi ha det	Sånn gjer vi det
Åseral kommune har eit omdømme som ein flott stad å vera	• Vi legg vekt på berekraftig destinasjonsutvikling • Vi er gode på å synleggjera Åseral som reisemål gjennom både regionale og lokale plattformer • Åseral kommune som organisasjon er miljøsertifisert • 50 % av verksemdene i Åseral kommune er miljøsertifiserte innan 2034 • Vi bevarer naturen, reduserer inngrep og tek vare på kvalitetar som gjer Åseral attraktiv i utbyggingsområda ved å leggja føringar som planmynde • Vi tek i bruk nyskapande design og arkitektur for å sikra gode livsvilkår og for å møta klima- og miljøutfordringane • Vi tek i bruk innovative løysingar ved etablering av ny infrastruktur • Vi har god kapasitet for lading av el-bilar • Vi vidareutviklar gode møteplassar både i hytteområda og i bygdesentera • Vi har eit levande sentrum som folk kjem langvegs frå for å vitja • Vi har variert og god overnattingskapasitet • Hytter og hyttetomter er tilgjengelege for mange ulike målgrupper • Vitjande og fastbuande nyttar eit variert og godt kultur- og aktivitetstilbod • Vi satsar på tilrettelegging av aktivitetar knytt til Øre

Kommunedelplan for Bortelid

Hovudmålsetting

Bortelid skal vera ein attraktiv stad for arbeid, fritid, og investeringar.
Utviklinga skal vera styrt med ein klar forankring i kommunen sin overordna planlegging.

Strategi og delmål

- Betre infrastruktur
- Fleire varme senger
- Auka heilårig aktivitetstilbod
- Auka lokal verdiskaping
- Betre samarbeid mellom grunneigarar, offentleg verksemd, hyttefolk og tilreisande
- Klar og eintydig profilering av områda
- Nytt vegsamband Bortelid – Ljosland
- Utvikle Bortelid som attraktivt stad for sommar og vinteridrett
- Grunneigarsamarbeidet skal styrkast
- Omsynet til trua og sårbare artar skal ivaretakast

SAMARBEIDSMODELLAR OG RESSURSAR

Prosjektets faste rigg er prosjekteigar, prosjektstyret, prosjektkoordinator og prosjektgruppa

Ressursgrupper

Det kan etablerast oppgåvebaserte ressursgrupper. Kva slags aktørar som blir kobla på er avhengig av kva oppgåve som skal løysast.

Samarbeidspartnarar for næringslivet: Nordic Egde, Lindesnesregionen næringshage, Pågang Næringshage, NHO Agder, Visit Setesdal m.fl.

Utdanningsaktører: Vidaregåande skule, Universitetet i Agder og Fagskolen i Agder

Samarbeidspartnere offentlige aktører/virkemidlar: Innovasjon Norge, Agder fylkeskommune, Statsforvaltar, Interkommunale politiske råd, kommunar, departement og direktorat.

BUDSJETT

Prosjektet har ei totalramme på kr. 3.735 mill. der 2.94 mill. er prosjektstilling. Fram til nå har vi finansiert opp 3.350 mill. Resten av prosjektet må i prosjektperioden finansierast opp gjennom søknadar om eksterne prosjektmidlar der ein knyt deler av søknaden til prosjektleiing.

BUDSJETT	
Lønn inkl sosiale utgifter for 3 år	2 940 000
Møte- og reiseverksemd	150 000
Moglegheitsstudie Bortelid	150 000
Kjøp av tenester (naturkartlegging mm)	300 000
Pilotprosjekt Naturnøytral kommunedelplan for Bortelid	195 000
SUM KOSTNADER	3 735 000

FINANSIERING	
MILJØDIREKTORATET	1 500 000
AGDER FYLKESKOMMUNE	400 000
SETESDALSFONDET	400 000
BORTELID UTMARKSLAG	300 000
TILSKOTMIDLAR STADUTVIKLING	150 000
ÅSERAL KOMMUNE	300 000
INNVILGA TILSKOT (NATURSATS)	300 000
Manglande finansiering i heile prosjektperioden *	400 000
SUM FINANSIERING	3 750 000

*Søknadar om støtte til finansiering av ulike delprosjekt blir utforma slik at deler av tilskotssummen kan nyttast til prosjektleiing.

KOMMUNIKASJONSSTRATEGI

Prosjektet nyttar etablerte kommunikasjonskanalar (Facebook, Instagram og heimeside www.bortelid.no) for å informere om prosjektet eksternt. Samarbeidspartnarar, prosjektstyre og prosjektgruppe kommuniserer via e-post og Teams.

Prosjektet handler om å teste ut pilotar undervegs. Ein del av prosjektet omfattar kampanjar som fremmar natur- og kulturopplevingar, samt berekraftig praksis.

Behovet for kommunikasjon vil avhenge av kva ein skal prøve ut. Kommunikasjonsstrategien må difor oppdaterast undervegs i prosjektet.

ORGANISERING OG STYRING

Prosjekteigar:

Åseral kommune

Prosjektstyre:

Bortelid Utmarkslag (leiar) Ole Martin Mæland
Bortelid Utmarkslag Gunnstein Kallhovd
Agder fylkeskommune v/Siv Løvaas
Statsforvalteren i Agder v/Hans Bach-Evensen
Åseral kommune v/Inger Lise Lund Stulien/Jan Stangvik
SIPR v/adm – Rita Hansen

Prosjektgruppa

Prosjektkoordiator: Åseral kommune v/Kari Røynlid
Gruppeleiar Klimavenleg destinasjon: Ruben Bortelid
Gruppeleiar BortelidTorget: Thomas Repstad
Gruppeleiar Gjester med høg verdiskapingseffekt: Vibeke Havstad



ANSVAR

Prosjekteigar er ansvarleg for at prosjektet blir planlagt og gjennomført i tråd med rammer og skal sikre finansiering.

Prosjektstyret har det overordna ansvaret for prosjektet og skal bidra til at vi lukkast, vere støttespelarar for prosjektgruppa og bida til å ta nødvendige beslutningar, bidra til god dialog og samarbeid mellom prosjektet og interessenter, og sikre tilgong på nødvendige ressursar.

Prosjektkoordinator har ansvaret for å gjennomføre prosjektet i henhold til gitte rammer.

Prosjektgruppa bidreg med levering av definerte oppgåver/delprosjekt knytt til aktivitetar i prosjektet. Deltakarane i prosjektgruppa inngår i prosjektet som fagpersonar og skal utføre dei på førehand avtalte arbeidsoppgåvene. Prosjektdeltakarane rapporterer til prosjektkoordinator og prosjektstyret.

STYRING OG RAPPORTERING

Åseral kommune er prosjekteigar.

Prosjektet blir styrt av representantar frå både Bortelid Utmarkslag, Åseral kommune og regionale mynde som fylkeskommune, statsforvaltar og regionråd.

Åseral kommune har engasjert tre prosjektansatte i til saman 100 % stilling i heile prosjektperioden (ansatt i Åseral kommune).

Prosjektkoordinator brukar eigeninnsats som ansatt i Åseral kommune til å koordinere arbeidet i prosjektet.

Prosjektgruppa rapporterer på framdrift i prosjektet til Miljødirektoratet ein gong i året, og ved avslutta prosjekt.

Prosjektgruppa	Rolle	Ansvar
Kari Røynlid	Prosjektkoordinator	Koordinere arbeidet, søke eksterne midlar, informere om prosjektet.
Ruben Bortelid	Klimavennleg destinasjon på drift og utvikling	Sette i gang delprosjekt, finne samarbeidspartnerar og teste ut pilotar
Thomas Repstad	Støtte og delefunksjonar	Sette i gang delprosjekt, finne samarbeidspartnerar og teste ut pilotar
Vibeke Hafstad	Marked – tiltrekke seg gjester med høg verdiskaping	Sette i gang delprosjekt, finne samarbeidspartnerar og teste ut pilotar

PROSJEKTPLAN

FASER

Fase 1 Planleggingsfasen


Prosjektet starta opp 01.01.2024 og me har brukt dei første månadane til å rigge og planlegge prosjektet. Det blir utarbeida eit styringsdokument som skal vedtakast av prosjektstyret.

Fase 2 Gjennomføringsfasen

Fasen inkluderer delleveranse A (kartlegging), B (analyse) og C (pilotar).

Fase 3 Implementerings og avslutningsfasen

Fasen inkluderer delleveranse D (måle og dele resultat).



MILEPÆLER

Milepæler (blir oppdatert undervegs)		Tidsfrist
FASE 1 = Planleggingsfasen		
1	Prosjektet startar opp	01.01.2024
2	Konstituering av prosjektstyret	26.02.2024
3	Styringsdokument vedteke av prosjektstyret	17.02.2021
4	Rapportering første prosjektår Miljødirektoratet	31.11.2024
FASE 2 = Gjennomføringsfasen		
5	Kartlegging og analyse	01.09.2024
6	Pilotar delprosjekt klimavennleg destinasjon	01.09.2026
7	Pilotar delprosjekt støtte og delefunksjonar	01.09.2026
8	Pilotar delprosjekt fleire gjestedøgn	01.09.2026
9	Rapportering andre prosjektår Miljødirektoratet	31.11.2025
FASE 3 = Implementering og avslutning		
10	Resultat og rapportering alle delprosjekt	01.10.2026
10	Sluttrapportering og vi er i mål	01.11.2026

FRAMDRIFTSPLAN

Delleveranse		Planlagt periode	År
A	Kartlegge	April – mai	2024
B	Analyse	Mai - august	2024
C	Pilotere	Januar – desember	2024-2026
D	Måle og dele resultater	September – november	2026

SUKSESSFAKTORAR

Forankring

Forankring av prosjektet blant grunneigarar, hytteeigarar, utbyggarar, entreprenørar, administrasjon og politisk nivå i kommunen. Omstillingsarbeid er krevjande, og ofte er det tale om eit modningsarbeid. Kunnskapsbygging blir viktig i prosjektet, både internt i Bortelid, men og for administrativt og politisk nivå i kommunen, samt innbyggjarane.

Aktive grunneigarar

Haldning og innsatsen til dei sju grunneigarane i utmarkslaget blir avgjerande for om prosjektet vil lukkast. Bevissgjering av kva rolle dei har i dag og kva som må til blir viktig i prosjektet. Korleis inkluderer dei neste generasjon som skal bygge vidare på det prosjektet utviklar er og interessant.

Informasjon og deling

Informasjon til omverda; bruk av sosiale media og media sin omtale av prosjektet vil vere viktig for korleis arbeidet blir oppfatta i kommunen og regionen elles.

Arbeidskraft

Eit omstillingsarbeid er omfattande og ein treng ressursar utover dei tre ansatte i prosjektet. Det er spesielt behov for arbeidskraft til oppgåvene som gjeld støtte- og delefunksjonar, samt aktivitetar. Desse er utfordrande å finne lokalt per i dag. Samarbeid med lokalt næringsliv blir viktig for å lukkast.

Finne gode finansieringsmodellar og samarbeidspartnerar

Prosjektet er avhengig av å skaffe ekstern finansiering for å gjennomføre pilotar. Dette er krevande arbeid og ofte er det vanskeleg å ha oversikt over alle ordningane som fins. Gode samarbeidspartnarar som kan bidra til og sørge for finansiering vil vere avgjerande for prosjektet.

Grøne investorar

Dersom ein i løpet av prosjektet inngår samarbeid med investorar som ynskjer å satse på småskala berekraftprosjekt i Bortelid er sjansen for å lukkast god.